



Agentane imponerte kyrkjelyden med songen sin

**Denne helga har det for fjerde gongen vore agentar i aksjon i kyrkjetårnet og andre stader i den no 100 år gamle kyrkja vår. 6 8- og 9-åringar vart også denne gongen sett til å løysa oppdrag og mysterier og under gudtenesta i kveld imponerte dei både med kunnskap om huset og vakker song. Tårnagenthelga inngår i trusopplæringa til kyrkja i landet og det var kyrkjelydspedagog Berta Haugland og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark som leia opplegget.**

Den avsluttande preika var ikkje heilt vanleg - den arta seg som ein quiz der presten - prostiprest Pål Dale - vart sett på prøve av agentane.

Han måtte gjera rede for kva ein preikestol og eit altar er og spurt om alderen på kyrkje og kyrjeklokke, for å nemna noko.

For ikkje å snakka om spørsmåla

**KVIFOR BLIR VI DØYPT? og KVA ER EIN OBLATESKE?**



[Presten blir sett på prøve og klarte seg bra](#)

Agentane som var i aksjon denne gongen var Nikolai Vågen, Anders Haugland, Pål Ingmar Haugland. Oliver Enes, Ruth Maria Myklebust og Anne Elise Samland Eik. Det var forøvrig 630 norske menigheter som arrangerte tårnagenthelgar i 2012 og tiltaket har framleis vind i segla..

**Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen**